



Telefon : 90 68 01 00  
Adresse: Dyrkolbotn 119  
5994 VIKANES  
Org.nr: 985 868 344 mva

Epost: post@dyrkolbotn.com

## DYRKOLBOTN FJELLSTOVE Leirskole og gjestehus

Til Lindås Kommune

Vikanes, 4. mars.2018

### INNSPEL TIL AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN

Gjeldande arealdel til kommuneplan for Lindås kommune er god for bedrifta vår og for vidare utvikling i Dyrkolbotn. Vi ynskjer å behalde arealdelen slik som den er.

LNF – Landbruk, Natur, Friluftsområde – er alle tre viktige ord i vår drift.

I Dyrkolbotn presenterer vi eit levande kulturlandskap med jordbruk, husdyr, handtverk, historie og samfunnskunnskap for elevar og andre gjestar. Og når vi snur oss i ei anna retning, har vi urørt natur så langt auga ser, med fantastiske moglegheiter for fjellturar og andre friluftslivsaktivitetar.

Det er denne samverknaden mellom menneskeleg arkivitet og naturen som gjer Dyrkolbotn spennande. Korleis har folk levd her før? Korleis kan vi bruke naturen forsvarleg no? Og det å sjølv få delta i aktivitetar, å meistre noko. Å gjere noko praktisk, lage noko, byggja noko.

Er det ein motsetnad mellom å verna naturen og å bruka og byggja i naturen slik vi gjer?

Ja, det er ofte det.

Så vi må tenkje nøye gjennom alle slags konsekvensar av nye tiltak, både for naturen og for folk. Difor bør avgjerdene takast lokalt. Det er dei som bur nærast ei utbygging som vil møte flest konsekvensar av den, både estetisk, utslepp, arealkonfliktar, tryggleik, driftsproblem, tilkomst og økonomisk konsekvens med meir. Det er dei lokale og deira born som vil merka langsiktige konsekvensar av utbyggingstiltaka mest, difor vil dei ta mest ansvar for at avgjerdene vert gode.

Landbrukslovgjevinga sitt siktemål er å regulere aktivitet som vert styrt av bønder og andre lokale. Vi meiner at det er landbrukslovgjevinga som bør regulere aktiviteten i bygda også i framtida. Dyrkolbotn og området rundt bør difor framleis vere eit LNF-område, der det vert tillete med utbyggingsprosjekt som kan sameinast med hovudføremålet LNF. Slik som i gjeldande arealdel.

Heile området frå Austfjorden til Modalen bør framleis vere LNF-område.

Jordbrukstiltak som til dømes stølsdrift og skogsdrift bør vere både lovleg og det bør stimulerast til. Eg kan ikkje sjå noko positivt i at området skal reduserast til eit reint friluftsområde. Kvifor det? Har det noko med biosfære-prosjektet å gjere? Dette prosjektet bør vurderast konkret i arealdelen

Privat hyttebygging må ikkje tillatast, korkje i Dyrkolbotn eller i nærleiken. Slike hytter fører ofte til konflikktar, og dei er skjemmaende både i naturen og for kulturlandskapet. Dei bidreg sjeldan med korkje pengar eller noko anna positivt til lokalmiljøa, der dei ligg med tomme, svarte vindu mesteparten av året. Hytteeigarar har livet sitt ein annan stad, og er oftast på hytta for å nyte, ikkje yte. Så hyttebygging er med få unntak lite samfunnsgagnleg for bygdene.

For oss vil det vere direkte øydeleggjande om det vert tillete privat hyttebygging i området her. Derimot helsar vi hjarteleg velkommen nye hus med lys i vindauga, fleire gjestar og meir aktivitet.

*Signhild Dyrkolbotn/s*